

Gode kolleger i kommunane, Helse Førde, Fylkeslegen, Hauglandssenteret.

Her kjem litt oppdatert info frå PKO sine nettsider.



Viktig endring i Livmorhalsprogrammet for kvinner frå Vestland

No blir det sams screeningsrutine for livmorhalskreft i heile Vestland fylke.

Frå 24. februar 2020 vil livmorhalsprøvane for kvinner mellom 34 og 69 år bli HPV (humant papilloma virus)-testa. Livmorhalsprøvar frå kvinner mellom 25 og 33 år, vurderast framleis i mikroskop.

OBS! HPV-test og celleprøve er screening og ikkje testar for diagnostikk og skal ikkje brukast åleine ved undersøking/kontroll av kvinner med symptom. Hå kvinner med normale screeningstestar er intervalla mellom rutinekontrollar 5 år ved primær HPV-screening og 3 år ved celleprøve vurdert i mikroskop. Flytskjema med tilrådd oppfølging av ulike prøvesvar er utarbeidd av Livmorhalsprogrammet og kan lastast ned/hentast derifrå.

Kvinnene vil få påminning om tid for nye prøver på same måten som før og rutinane for taking og sending av prøvane er uendra. Prøvane blir som no analysert ved Patologisk avdeling, Haukeland universitetssjukehus.

Endringa er gjort i samråd med Kreftregisteret, dr Ameli Trope (leiar for Livmorhalsprogrammet) og Birgit Engesæter (prosjektleiar – Implementering av HPV-screening)

For lokal informasjon kontakt dr.Jostein Tjugum - rådgivar logistikk Livmorhalsprogrammet Helse Førde, jostein.tjugum@enivest.net Mobil 415 69 638 (sms).

[HPV-screening for alle kvinner mellom 34 og 69 år i Sogn og Fjordane.pdf 202002 Brosjyre til kvinnene Vestland.pdf](#)

<https://www.kreftregisteret.no/screening/livmorhalsprogrammet/>



OM KORONA viruset: Informasjon Frå Helse Førde til kommunehelsetenesta og legevaktsentralane

Som kjent er det eit utbrot i Kina med et nytt koronavirus (2019-nCoV). Helse Førde ynsker å få til eit godt samarbeid med primærhelsetenesta ved mistanke om koronavirusssmitte.

Vi må vere budde på at viruset kan spreie seg til Norge, i første omgang som sporadiske einskildtilfelle. Folkehelseinstituttet (FHI) gjev god rettleiing på fhi.no om når 2019-nCoV-sjukdom bør mistenkast og korleis det skal handterast både i primærhelsetenesta og i sjukehus.

Det er samtidig viktig at vi gjer lokale tilpassingar til dette og etablerer gode rutinar og godt samarbeid.

Så lenge vi er i ein situasjon med ingen eller få påviste tilfelle med 2019-nCoV i Norge, handlar god handtering ikkje berre om å gje god behandling til pasientane som treng det. I denne fasen er det å hindre vidare smittespreiing også svært viktig.

Folkehelseinstituttet har lagt opp til at vurdering og prøvetaking kan skje i primærhelsetenesta ved å isolere pasienten heime til prøvesvar føreligg. I den fasa vi er i nå er framleis mykje ukjent med omsyn til dette viruset.

<https://fhi.no/nettpub/coronavirus/>

[200207 Koronavirus info fastlegar og legevakt.pdf](#)



Oppdatert info om behandling av skabb.

Hudavdelinga Helse Førde har kontakta PKO vedr oppdatert informasjon om skabb. Overlege Ingvild Hatten skriv: "Vi bruker no oppdatert pasientinformasjon frå Hudavdeling Bergen vedr behandling (Nix krem 5%) somkan kjøpast reseptfritt frå apotek. Det er tilrådd å behandle hovud/hals, la kremen vere på i 12 timar, sanere i 5 døgn osv. Det er nok dessutan framleis ein del pasientar som får berre 1 behandling utan re-behandling etter 6-7 dagar, og det er sjølvstakt kjelde til behandlingssvikt.

Denne informasjonen er nokså lettforståeleg for pasientane, den beskriv punktvis korleis dei skal gjere dette med skifte av klede/sengeklede. "

[Skabb OPPDATERT FEB 2020 FSS pasientinformasjon.pdf](#)



Nyhendebrev frå Fylkesmannen i Vestland

Fylkesmannen i Vestland skriv på sine nettsider at om ein vil få med seg siste nytt fra Fylkesmannen i Vestland, kan ein abonnere på nyhende frå nettstaden deira. Ein kan skreddarsy abonnementet til å handle om dei fagområda ein er interessert i. Mykje bra og nyttig informasjon også for allmennlegar kan finnast her. Nyhendebrevna lander i epost-innboksen med gjevne mellomrom. Interessant informasjon er lett å finne.

<https://www.fylkesmannen.no/nb/vestland/abonnement/>



Kvetiapin i små doser ved søvnvansker er "off label" bruk der pasienten ikkje samtidig har tyngre psykiske lidingar

PKO har fått nokon innspel frå kollega vedr bruk at kvetiapin som sovemedisin. Det blir vist til ein tidsskriftsartikkel - vedlagt i lenke. Vi har også spurt RELIS Vest som svarer under. Overlege Trond Aarre tenker også omkring saka og er vist til blant lenkene under.

Relis Vest skriv: "Kva gjeld spørsmålet om retningslinjer for bruk av kvetiapin mot søvnvanskar, viser vi til Nasjonal kompetansetjeneste for søvnsykdommer (SOVno), som er lokalisert i Helse Bergen og har laga ei nasjonal tilråding for utgreiing og behandling av insomni (visast òg til i artikkelen).

Tilrådingane oppgjev at antipsykotika (deriblant kvetiapin) kan vere aktuelt ved insomni der pasienten har komorbide psykotiske eller bipolare symptom, men at dokumentasjonen på effekt er mangelfull og med stor risiko for både korttids- og langtidsbiverknader. Fordelen kan vere effekt på den komorbide lidinga og at kvetiapin ikkje er vanedannande. Dei skriv vidare: «Vi vil likevel ikke anbefale bruk av antidepressiva, antipsykotika eller antihistaminer for insomni, hvis det ikke foreligger spesifikke grunner til det (komorbid insomni). Vi er spesielt bekymret for og negativ til den økte bruken av antipsykotiske preparater ved insomni.»

Lenkene under viser til bakgrunnsinformasjonen

<https://helse-bergen.no/nasjonal-kompetansetjeneste-for-sovnsykdommer-sovno#anbefalinger-og-retningslinjer>

<https://tidsskriftet.no/2019/09/kronikk/kvetiapin-er-ikke-en-sovemedisin>

[Bruk av kvetiapin ved søvnvansker Trond Aarre.pdf](#)

PKO kalenderen



Akuttmedisinkurs for LIS1 legar

Dato: 11. mars 2020 08:30 - 12. mars 2020 15:30

Stad: Førde sentralsjukehus

Ansvarleg: Helse Førde og Fylkesmannen

Målgruppe: LIS1 legar under Helse Førde

Påmeldingsfrist:

02.03.2020 15:00:00

<https://www.fylkesmannen.no/nn/vestland/kurs-og-konferansar/2020/03/akuttmedisinkurs-for-lis1-legar-helse-forde/>

Regionalt, tverrfagleg nettverksmøte innan rehabilitering for personar med lungesjukdom

Tid: 16.-17.mars 2020

Stad: Grand Hotel Terminus, Zander Kaaes gate 6, 5015 Bergen

Regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering arrangerer

to dagars tverrfagleg nettverksmøte innan rehabilitering for personar med lungesjukdom. Målgruppene er helsepersonell i kommunar og spesialisthelsetenesta, brukarar og andre interesserte som jobbar med eller har interesse for feltet.

[PROGRAM regionalt nettverksmøte lungerehab Bergen-mars 2020.pdf](#)

Kurs i normaltariffen, logistikk, regnskap og skatt

Tid: Mandag 18. mars 2020.

Kurssted: Thon Hotel Jølster, 6841 Skei

Målgruppe: LIS1, allmennleger og medarbeidere i Vestland og landet ellers.

Kursarrangør: Sogn og Fjordane legeförening

Kurskomite: Bjarne Storset og Audun Hammer
[200316 Sogn og Fjordane - Program Normaltariffen.pdf](#)

Grunnkurs B: Allmennlegens roller og samarbeidspartnere; arrangert i Florø

Tid: 25-27. mar 2020

Stad: Quality Hotel Florø

Praktiske henvendelser: Kontor for legers videre- og etterutdanning - Oslo

Antall kurstimer 35

Maks antall deltakere 50

Kurseier: Sogn og Fjordane legeforening

<https://www.legeforeningen.no/kurs/2020/1/33909/#tab1>

Diabetesforum Vestland, arrangert i Førde.

Stad: Scandic Hotel Sunnfjord, Førde.

Tid. onsdag 22. til fredag 24. april 2020

Diabetesforum er ein tverrfaglig konferanse om moderne diabetesbehandling. Nytt høvet til ei oppdatering for deg og medarbeidarane dine! Kurset går over tre vekedagar og startar om kvelden onsdag 22. og sluttar fredag 24. april ved lunjstider.

Godkjent som emnekurs tellande med 16 timar for allmenmedisin.

Hovedtema:

Breidt samansett fagleg program med mål om å styrke kunnskap om diabetes hjå helsepersonell.

Nytt i 2020:

Gratis grunnkurs i diabetes for tilsette på sjukeheim, legekontor og i heimesjukepleie. Grunnkurset finn stad 22. april fra kl. 18 til 20.30.

Påmelding: Frist 25. mars på www.diaforum.net

Kontaktperson: E-post: svanhild_solheim@hotmail.com

Mobil: 924 41 199

<https://www.diabetes.no/helsepersonell/kurs-og-konferanser/diabetesforum-i-fylkene/diabetesforum-i-vestland-2020/>

<http://diaforum.net/>

<https://www.legeforeningen.no/kurs/2019/11/33856/#tab1>

Med helsing

Anne Stubdal, Jan Ove Tryti, Normund Svoen

Praksiskonsulentar

<https://helse-forde.no/samhandling-i-sogn-og-fjordane/praksiskonsulentordninga-pko>

Helse Førde HF

www.helse-forde.no

